



Arkivnr: 2014/353-1  
Saksbehandlar: Charlotte Espeland

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		21.01.2014

## Oppnemning av representant til styringsgruppa for SamSpel Hordaland 2011-2015

### Samandrag

SamSpel Hordaland 2011-2015 er initiert som eit tverrinstitusjonelt samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Det humanistiske fakultet ved Universitetet i Bergen, Høgskulen i Bergen, Høgskulen Stord/Haugesund og Kulturskulerådet om utvikling av estetikk, kunst og kultur i utdanning, opplæring og forskning. Også Bergen kommune og Kunst- og designhøgskulen i Bergen er no med i samarbeidet. Hordaland fylkeskommune har sidan starten av vore med i ei fagleg arbeidsgruppe med representantar frå alle initiativtakarane. Samspel Hordaland vert no formalisert ved etableringa av ei styringsgruppe.

Utgangspunktet for samarbeidet er eit felles ønskje om å styrke kvaliteten i dei estetiske faga. SamSpel Hordaland er tufta på ein visjon om at Hordaland skal vera ein utdanningsregion der estetikk, kreativitet, kunst og kultur pregar opplæring, utdanning og forskning på ulike nivå og i ulike samanhengar.

Hordaland fylkeskommune vil vera administrativt representert i arbeidsgruppa. Sekretariatet er lagt til Senter for kunsthøgskulen, kultur og kommunikasjon ved Høgskulen i Bergen, og rektor ved høgskulen vil vera leiar av styringsgruppa. Ein ser for seg at styringsgruppa møtast minst ein gong per semester, arbeidsgruppa om lag ein gong per månad.

Det er ønskjeleg at initiativtakarane går inn med årlege driftsmidlar. Fylkesmannen i Hordaland har meldt at dei ikkje har tilskotsmidlar, men bidrar gjennom deltaking i arbeidsgruppa og styringsgruppa. Kulturskulerådet, Høgskulen i Bergen og Universitetet i Bergen har gått inn med kr 30 000,- for 2013.

## Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune går inn i styringsgruppa for SamSpel Hordaland.
2. Kultur og ressursutvalet oppnemner..... med ..... som vararepresentant til styringsgruppa for SamSpel Hordaland.
3. Kultur- og ressursutvalet løyver kr 30 000 til SamSpel Hordaland for 2014.  
Løyvinga skal førast over budsjettpost 10.400.760.00.14900 Til rådvelde for Kultur- og ressursutvalet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## **Fylkesrådmannen, 06.01.2014**

### *Bakgrunn og visjon*

SamSpel Hordaland 2011–2015 er initiert som eit tverrinstitusjonelt samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Det humanistiske fakultet ved Universitetet i Bergen, Høgskulen i Bergen, Høgskulen Stord/Haugesund og Kulturskulerådet om utvikling av estetikk, kunst og kultur i utdanning, opplæring og forskning. Også Bergen kommune og Kunst- og designhøgskulen i Bergen er no med i samarbeidet. Utgangspunktet for samarbeidet er eit felles ønskje om å styrke kvaliteten i dei estetiske faga.

Agendaen for SamSpel Hordaland er aktualisert gjennom ekspertgruppa for kunst og kultur i skulen som vart nedsett av Regjeringa i september 2013. Ekspertgruppa skal vurdere det samla kunst- og kulturtilbodet i skulen, sjå på korleis dei ulike tilboda kan virke saman på best mogleg måte, og bidra med anbefalingar som vil styrkja heilskapen og samarbeidet mellom utdannings- og kultursektoren.

SamSpel Hordaland er tufta på ein visjon om at Hordaland skal vera ein utdanningsregion der estetikk, kreativitet, kunst og kultur pregar opplæring, utdanning og forskning på ulike nivå og i ulike samanhengar. Ei viktig oppgåve er å etablera samhandlingsarenaer mellom utdannings- og forskingsinstitusjonar og kunst- og kulturfeltet. Siktemålet er å auka rommet for kunst- og kulturfag i utdanningsløpet frå barnehage til universitet, og å leggja til rette for nyskapande prosjekt innanfor opplæring, utdanning, forskning og formidling, både i og utover Hordaland.

SamSpel Hordaland har arrangert tre konferansar, i 2011 med hovедtema lærarutdanning, i 2012 formidling (fylkeskonferansen for kultur) og i 2013 forskning. SamSpel har også samla aktørane i Hordaland innan kunst- og kulturformidling til felles drøfting om kunst- og kulturformidling til barn og unge (2012).

### *Organisering*

Hordaland fylkeskommune har sidan starten av vore med i ei fagleg arbeidsgruppe med representantar frå alle initiativtakarane. No vil Samspel Hordaland bli formalisert ved etableringa av ei styringsgruppe. Rektor ved Høgskulen i Bergen vil vera leiar av styringsgruppa, og sekretariatet er lagt til Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon ved Høgskulen i Bergen. Ein ser for seg at styringsgruppa møtast minst ein gong per semester, arbeidsgruppa om lag ein gong per månad.

Det er ønskjeleg at initiativtakarane går inn med årlege driftsmidlar. Fylkesmannen i Hordaland har meldt at dei ikkje har tilskotsmidlar, men bidreg gjennom deltaking i arbeidsgruppa og styringsgruppa. Kulturskulerådet, Høgskulen i Bergen og Universitetet i Bergen har gått inn med kr 30 000,- for 2013.

SamSpel Hordaland vil gjennom ulike tiltak fremje dei estetiske faga si rolle i undervisning, formidling og forskning, ved å koble aktørane, arrangere konferansar og eigne samlingar for aktørane innanfor kunst- og kulturfeltet i Hordaland. SamSpel skal vere ein strategisk allianse og vil såleis aktivt gje innspel til politikkkutforming på feltet.

Fylkesrådmannen rår til at Hordaland fylkeskommune går inn i styringsgruppa for SamSpel Hordaland 2011-2015, og løyver kr 30 000 for 2014. Hordaland fylkeskommune vil vera administrativt representert i arbeidsgruppa.